Tariffavtale del B

mellom

Norsk Sjukepleiarforbund

og

Helse Bergen HF

01.05.24 til 30.04.26

Ole Daniel Virkesdal **Karen-Anne Stordalen**

Følsomhet Intern (gul)

Innhold

1 Omfang 2
2 Oppseiingsfristar 2
3 Rasjonalisering/nedbemanning 2
4 Stedfortreder og konstituering 3
5 Prinsipp for lønstillegg 3
6 Lokal lønsfastsetjing 4

Partane er samde om fylgjande tariffavtale del B, som supplerer A-delen for perioden 01.05.24 – 30.04.26.

1 Omfang

Avtalen gjeld ikkje for føretaksleiinga (administrerande direktør og leiarar som rapporterer direkte til administrerande direktør) og tilsette som har til oppgåve å vera arbeidsgjivar sin representant i B-delsforhandlingar.

2 Oppseiingsfristar

2.1 Hovudregel

Som hovudregel gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 3 måneder rekna frå oppseiingstidspunktet.
Når det gjeld eldre arbeidstakarar, sjå arbeidsmiljølova § 15-3 (3).

2.2 1 månad

For arbeidstakarar som er tilsette med ei prøvetid på inntil til 6 måneder.

Når ein seier opp arbeidsavtalar som varer lenger enn 2 måneder, og som er heimla i arbeidsmiljølova § 14-9, før avtalen går ut, gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 1 månad, rekna frå oppseiingstidspunktet.

2.3 14 dagar

For arbeidstakarar som er tekne inn til å utføra arbeid av forbigåande art og som varer inntil 2 månader.

3 Rasjonalisering/nedbemanning

Ved oppseiing på grunn av rasjonalisering/nedbemanning, skal det under elles like tilhøve leggjast vekt på tenesteansiennitet i Helse Bergen. Eventuell tenesteansiennitet opptent i Hordaland fylkeskommune pr. 31.12.01 skal i desse

Følsomhet Intern (gul)

tilfella reknast med dersom den tilsette pr. 01.01.02 fekk tilsetjingstilhøvet overført til Helse Bergen. Med tenesteansiennitet meiner ein tid frå siste gongs tilsetjing i Helse Bergen/Hordaland fylkeskommune, sjå ovanfor.

4 Stedfortreder og konstituering

Stedfortreder

Alle arbeidstakarar har plikt til å utføra teneste som stedfortreder.

For stedfortrederteneste vert det utbetalt ein passande sum. Det skal takast omsyn til arbeids- og ansvarsområde og kor lang periode det gjeld for. Det vert ikkje utbetalt stedfortredergodtgjersle dersom slik teneste høyrer med til dei normale pliktene, til dømes i samband med ordinær ferieavvikling.

Konstituering

Med konstituering meiner ein mellombels tilsetjing i ei anna, vanlegvis overordna stilling.

5 Prinsipp for lønstillegg

I forkant av B-delsforhandlingane skal partane ha eit førebuande møte.

I lønsforhandlingane skal partane fastleggja omfanget av dei lokale lønnstillegga og korleis dei skal gjennomførast. I samband med det må det mellom anna avklarast:

- eventuelle generelle tillegg
- eventuell endring av minstelønssatsar
- ramme for eventuelle individuelle tillegg og/eller gruppevise tillegg
- kriterium for eventuelle gruppevise/individuelle tillegg i påfølgjande år/periode.

Løn kan regulerast til andre tidspunkt enn det som er nemnt ovanfor, t.d. når det er behov for å rekruttera, behalda kompetanse, oppretting av urimeleg lønsskilnader, skifte av stilling, auka kompetanse eller varig endring av stillinga sitt arbeids- og ansvarsområde. Kvar einskild tilsett kan på bakgrunn av dette be om lønsamtale.

Følsomhet Intern (gul)

Generelle kriterium for tildeling av individuelle tillegg:

Formalkompetanse
- Vidareutdanning
- Etterutdanning (relevante kurs, hospitering o.l.)
- Fordjuping av formell art
- Spisskompetanse av formell art

Realkompetanse
- Fordjuping
- Spiss- eller breiddekompetanse
- Erfaring frå arbeid i prosjekt
- Stabilitet i stillinga
- Lang røynsle i fagfeltet

Ansvar/funksjonar
- Driftsansvar
- Spesialoppgåver (ut over grunninnhaldet i stillinga)
- Fagansvar

6 Lokal lønsfastsetjing

6.1 Sjukepleiar
20 års fast tillegg ansiennitet for sjukepleiar i gruppe 4 kr 25 000
Tillegget kommer i tillegg til den enhver tid gjeldende sentralt fastsatte minstelønnssats for stillingsgruppe 4 med 10 års ansiennitet. Tillegget inngår i årslønn.
Tillegget bortfaller dersom partene sentralt innfører en sentral minstelønnssats for stillingsgruppe 4 med 20 års ansiennitet.

6.2 Sjukepleiar/spesialsjukepleiar
Laurdag- og søndagstillegg: 27% av timelønn

Nattillegg 35% ved arbeid utført frå klokken 22:00 og ut nattevakta, likevel seinast til kl 08:00.

Følsomhet Intern (gul)

6.3 Jordmødre

Minstelønstabell frå 1.7.2024:

0 år	kr	563 000
4 år	kr	574 000
6 år	kr	586 000
8 år	kr	599 000
10 år	kr	675 000

Med utgangspunkt i den generelle lønsutviklinga skal partane årleg drøfta minstelønstabellen for jordmødre for å jamna ut utilsikta lønskilnader blant jordmødrene.

Tillegg for ulageleg arbeidstid:

Tillegg for kveld:	32% av timeløn pr. time
Tillegg for natt:	44% av timeløn pr. time
Tillegg for laurdag og søndag:	28% av timeløn pr. time

Tillegg for tenesteansiennitet som jordmor:

5 år:	kr 5 000
10 år:	kr 11 000
15 år:	kr 20 000
20 år:	kr 30 000

Tillegga er gjensidig utelukkande og skal flyta på toppen.

6.4 Kompetanse

Serskilde kompetansetillegg:

Relevant og anvendt klinisk spesialitet	kr 20 000
Relevant og anvendt mastergrad	kr 30 000
Relevant og anvendt doktorgrad	kr 42 500

Godtgjersla kjem i tillegg til avtalt minsteløn og seinare minstelønsendringar. Kompetansen må vera dokumentert, avtalt og i samsvar med eininga sin kompetanseplan. Det må ikkje vera gitt kompensasjon tidligere. Tidlegare gitte tillegg for mastergrad er med i doktorgradstillegget.

I stillingar med krav om klinisk spesialitet, mastergrad eller doktorgrad er kompensasjon for kompetansen å sjå på som medrekna i den individuelle løna som er avtalt i samband med tilsetjinga.

Vert ein tilsett i ny stilling/funksjon, skal det gjerast ei ny vurdering av om vilkåra for å gi tillegget er oppfylte.

Følsomhet Intern (gul)

Serskilte kompetansetillegg for jordmødre:
Kompetansen må være dokumentert, anvendt i stillinga og vere i hht eininga sin kompetanseplan. Kompensasjon må vere avtalt med næraste leiar før studiestart.

I tilfeller der arbeidstaker allereie mottek kompetansetillegg, skal leiar spesielt vurdere om ny utdanning er overlappande med tidligere kompensert utdanning.

Der kriteriene over er oppfylte gjeld følgjande satser:
- 15 - 30 studiepoeng kr 10 000
- 60 studiepoeng kr 20 000

Dersom tilsvarande tillegg som i pkt. 6.1, 6.2, 6.3 og 6.4 vert gitt i A2, fell desse tillegga bort. Tillegga skal ikkje vera med i utrekningsgrunnlaget for sentralt gitte prosenttillegg.

Følsomhet Intern (gul)